




INNBYDING

til

NORGESMEISTERSKAP

i

SKIFELTSKYTING



Hornindal og Markane
skyttarlag

12. og 13. April 2013



Hornindal skyttarlag vart stifta i 1881, og Markane skyttarlag året før, i 1880. Det har dei siste 3-4 åra vore ein prosess i gong med det formål å slå saman dei to laga. NM Skifelt vert difor marknadsført under eit samla lag, Hornindal og Markane skyttarlag.

Det nye laget vil ha rundt 200 medlemmar, og på anleggssida har ein ei flott, moderne miniatyrbane på Ytrehorn og 100/200 m. bane med elektroniske skiver på Sindre.

Utanom LS og NC-stemner er Olsok-stemnet som vi arrangerer, det mest ettertrakta skytearrangementet på Nord-vestlandet.

Dei to skyttarlaga har tidlegare arrangert NM Skifelt til saman 5 gongar; 1966, 1980, 1990 (på Ullsheim i Markane), 2000, 2007. Andre skifeltarrangement som må nemnast, er landskampen Norge-Sverige i 1998, samt fire NC-finaler.

To utøvarar frå arrangørlaget som har gjort det særst godt i NM Skifelt dei seinare åra, er Roger Lillestøl med sine fire kongepokalar, og Jarle Tvinnereim, æresmedlem i Markane Skyttarlag, med to kongepokalar.

Hornindal og Markane skyttarlag har med dette glede av å ynskje velkomen til den 56. norske meisterskapen i skifeltskyting!

Arrangørstaden

Med sine godt 1200 innbyggjarar er Hornindal ei svært hyggeleg kommune å bu i. Godt utbygd servicetilbod med tenester som dekkjer dei fleste behov. Hornindal er ei landbruks- og industrikommune med ca. 30% sysselsette i kvar av sektorane. Møbelkonsernet Ekornes er etablert i kommunen med ca. 100 arbeidsplassar. Det er òg fleire mindre møbel- og kunsthandverksprodusentar i kommunen. Nemnast må GRS riflestocks, scandinavias største skjefte produsent, leverer skjefter til jakt, konkurranse og langholds skyting til alle kontinenter. GRS er merkevare levert at Grodås Mønsterteknologi AS.

Eit landemerke i Hornindal er Hornindalsvatnet som er Europas djupaste innsjø. Sjøormen i Hornindalsvatnet heiter «Horny» og vart sist observert i 2012. Kommunen har ein allsidig natur frå høgfjell til alle dei idylliske setredalane med mange godt vedlikehaldne setrehus. Hornindal er rekna som ein god kulturkommune, kjent for sin folkemusikk og Anders Svor-museumet. Idrettsmiljøet er aktivt og allsidig, med fleire godt utbygde anlegg.



Innkvartering

Raftevolds Hotel i Grodås sentrum vert NM-hotell. Rennkontor og informasjon i samband med meisterskapen vert i kommunehuset «Smia», og på arena. Laurdagskvelden vert det bankett på Raftevolds Hotel med premieutdeling.

Hotellet gjev gode overnattingstilbod til deltakarar og andre. Elles er Huset Vårt og Knausen hyttegrend gode alternativ i Hornindal. Ber om at ein tinger rom tidleg då det er sammenfallande arrangement med Vårsleppen.

Raftevolds Hotel tlf.: 57 87 96 05

Pris fredag - søndag inkl. frokost kr. 495 pr.pers i dobbelrom, tillegg for enkeltrom kr 250,-
Dobbelrom kr 990,- (døgnprisar).

Pris bankett, med to-rettars middag kr 325,-

Knausen hyttegrend tlf.: 57 87 96 12

Huset Vårt (Hornindal) tlf.: 57 87 94 82

Grodås camping tlf: 918 14 092

Praktiske opplysningar

- Transport:** Ved trong for transport gje beskjed ved påmelding.
- Parkering:** Parkeringsavgift ved arena.
- Innskyting:** Innskyting fredag og laurdag ved arena. Innskytingsavstand 100/50 m.
- Konkurransereglar:** Konkurransereglar i samsvar med regelverk for skifeltskyting, unnateke at klassane aspirant og rekrutt skyt på 50 m (tilpassa feltfigurar).
- Det vert ukjende avstandar på 4 hold for normalprogram (kun pappfigurar), og 1 hold kjend avstand (sjølvvanvisar). Det vert såleis ikkje høve å besiktige løyper før konkurransen.
- Kun klassisk stilart begge dagar.*
- På sprinten vert det brukt sjølvvanvisar og 200 m strafferunde på grovfelten for alle klassar.
- Finfelt kl. E.rek. Jr og V65 skyt på pappfigurar 100m.
- Alle grovfeltklassar unnateke kvinner/skytterklasse skal bære våpen med seg i løypa.
- Alle finfeltklassar har våpenet liggande på standplass.
- NB! Aspirant er **ikkje** meisterskapsklasse.
- Påmelding sendast til:** NM Skifeltskyting 2013, v/Jan Bakke, Flore, 6783 Stryn
Innan 1. april.
Påmelding kan og sendast på e-post: markane@skytterlag.no
- Påmeldingsavgift:** Senior kr. 300,- per distanse, inkl kr. 50 til DFS.
Eldre junior kr. 250,- per distanse, inkl. kr. 50 til DFS.
Asp/R/ER/J: kr. 150,- per distanse, inkl. kr. 25 til DFS.
Innbetalast i lag med påmelding til **bankkonto: 3820.20.04285**, eller ved fram møte.
- Gåvepremiar:** Vi vonar at lag og samlag vil gje gåvepremie til meisterskapen.
Vi ønskjer primært pengegaver slik at vi kan kjøpe inn gåvepremiar.
- Kontaktperson:** Paul A. Hatledal, mob: 900 35 489, e-post: paul.hatledal@c2i.net
- Web og e-post adresse:** <http://markane.skytterlag.no/> E-post: markane@skytterlag.no

Program for meisterskapen

Fredag 12. april	12:00-21:00	Rennkontor ope 12:00-15:00 rennkantor Smia (kommunehuset) 15:00-19:00 rennkantor på arena (varmestova) 19:00-21:00 rennkantor Smia	
	12:00 – 16:00	Innskyting 100m Kattuglehogen (ved arena)	
	14:00 – 16:00	Innskyting 50m ved Skiskyttar standplass (arena)	
	15:00	Lagleiar- og deltakarmøte sprint i varmestova på arena	
	16:30	Offisiell opning av meisterskapen	
	17:00	Start NM-skifeltsprint Premieutdeling kl Asp, R, ER, J Blomstersermoni	
	20:00	Lagleiar- og deltakarmøte normalprogram i Smia (kommunehuset)	
	Laurdag 13. april	09:00 – 16:00	Rennkontor på arena (varmestova)
		08:00 – 10:30	Innskyting 100m Kattuglehogen (ved arena)
		09:00 – 10:30	Innskyting 50m ved Skiskyttar standplass (arena)
10:30		Flaggheising på arena	
11:00		Start NM-skifelt normalprogram – pulje 1 Klassar: Kvinner, Skyttarklasse, AG3/HK, V65, Asp, R, ER, J	
13:00		Premieutdeling kl. Asp, R, ER, J	
13:30		Start NM Skifelt normalprogram – pulje 2 Klassar: V55, Eldre Junior, Senior A+B Blomstersermoni	
15:00		Musikalsk innslag v/ Dalatrekken.	
19:30		Premieutdeling på Best Western Raftvolds Hotel	
20:00		Bankett på Best Western Raftvolds Hotel – open for alle! To-rettars middag, kr. 325,- pr.pers. Påmelding direkte til hotellet, eller seinast på løparmøte fredag. Betaling skjer direkte til hotellet.	
Søndag 14. april	Reservedag		

Klassar og Konkurransprogram

Sprint					
Finfelt	Klasse	Alder	Skyting	Løype	Tillegg
	Aspirant	-17 år	2x6 skudd	2 km	30 sek
	R	11-13 år	2x6 skudd	2 km	30 sek
	ER	14-15 år	2x6 skudd	3 km	30 sek
	J	16-17 år	2x6 skudd	3 km	30 sek
	V65	65år -	2x6 skudd	3 km	30 sek
Grovfelt	Klasse	Alder	Skyting	Løype	Tillegg
	Skytterklasse	18 år -	2x6 skudd	3 km	Strafferunde
	AG3/HK kl 1	- 20år	2x6 skudd	5 km	Strafferunde
	AG3/HK kl 2	21 - 54 år	2x6 skudd	5 km	Strafferunde
	AG3/HK kl 3	55 år -	2x6 skudd	5 km	Strafferunde
	V55	55-64 år	2x6 skudd	5 km	Strafferunde
	Eldre Junior	18 - 20 år	2x6 skudd	5 km	Strafferunde
	Senior B	21-54 år	2x6 skudd	5 km	Strafferunde
	Senior A	21-54 år	2x6 skudd	5 km	Strafferunde
<p>Startintervall 1 minutt. Startar med: Skyttarklasse, V65, Junior, Aspirant, Rekrutt og Eldre rekrutt ----- Senior kvinner, V55, Eldre junior, Senior A og Senior B</p>					

	Normal	1 runde = 1 km, løparane skyt på same figurnummer som startnummer.			
Finfelt	Klasse	Alder	Skyting	Løype	Tillegg
	Aspirant	-17 år	2x6 skudd	2 km	1 min.
	R	11-13 år	2x6 skudd	2 km	1 min.
	ER	14-15 år	3x6 skudd	3 km	1 min.
	J	16-17 år	3x6 skudd	4 km	1 min.
	V65	65år -	3x6 skudd	4 km	1 min.
Grovfelt	Klasse	Alder	Skyting	Løype	Tillegg
	Skytterklasse	18 år -	3x6 skudd	4km	3 min
	AG3/HK kl 1	- 20år	5x6 skudd	12 km	3 min
	AG3/HK kl 2	21 - 54 år	5x6 skudd	12 km	3 min
	AG3/HK kl 3	55 år -	3x6 skudd	8 km	3 min
	V55	55-64 år	3x6 skudd	8 km	3 min
	Eldre Junior	18 - 20 år	5x6 skudd	12 km	3 min
	Senior B	21-54 år	5x6 skudd	12 km	3 min
	Senior A	21-54 år	5x6 skudd	12 km	3 min
Kvinner	Klasse	Alder	Skyting	Løype	Tillegg
	Skytterklasse	18 år -	3x6 skudd	4km	3 min
	AG3/HK kl 1	- 20år	3x6 skudd	8 km	3 min
	AG3/HK kl 2	21 - 54 år	3x6 skudd	8 km	3 min
	AG3/HK kl 3	55 år -	3x6 skudd	8 km	3 min
	V55	55-64 år	3x6 skudd	8 km	3 min
	Eldre Junior	18 - 20 år	3x6 skudd	8 km	3 min
	Senior	21-54 år	3x6 skudd	8 km	3 min
	Startintervall 1 minutt. Pulje 1 : Skyttarklasse, kvinner, AG3/HK, V65, Aspirant, Rekrutt, ER og Junior. Pulje 2 : V55, Eldre Junior, Senior A og Senior B				
	Figurane på normalprogrammet vert oppslegne på arena før start.				
	Avstandane på hold A,B,C,D,F er på ukjent avstand. Hold E er på sjølvansvar, oppgjeven avstand.				
	Løparane er sjølv ansvarleg for å skyte på dei hold som er oppgjevne for sin klasse og i rett rekkefølge.				
	Det er ikkje tillatt å besiktige løyper og standplass før siste deltakar har starta.				

NORGESMEISTERSKAP i SKIFELTSKYTING 2013

PÅMELDING FRÅ _____ HV-avd. / Skytterlag

v/ _____ Tlf.nr.: _____

SAMLAG: _____

NAMN	Skyttar-ID	KLASSE		FØDT ÅR	AVGIFT	
		Fredag	Laurdag		Skifelt	Sprint

Påmelding: + Gåvepremie: SUM Innbetalt :

Sum for påmeldingsavgift og eventuelt gåvepremie overførast til **bankkonto nr. 3820.20.04285,**
eller ved frammøte.

Påmeldingsadresse: NM Skifeltskyting 2013 v/Jan Bakke, Flore, 6783 Stryn

Eller epost: markane@skytterlag.no

Påmeldingsskjema ligg også på heimesida <http://markane.skytterlag.no/>

Påmeldingsfrist: Påmeldinga må vere sendt seinast 1. april 2013

NB! Hugs å melde dykk på bankett direkte til hotellet, 5787 9605.

Ved behov for transport kontakt Paul A. Hatledal, mob: 900 35 489.